

## Fiber langs europavegen

Bedrifter på i Øvre Vats vil ha fiber langs E134 for å få tilgang til betre nettverk. Dei har hatt møte med Haugaland Kraft om temaet, og fiberleverandøren har presentert eit krav om 500.000 kroner i anleggsbidrag for at selskapet skal leggje den nye fiberen. Planen er å få fiber frå gartneriet ved Aurdal og til gartneriet på Knapphus der også bedriftene deltar økonomisk. Det er fem bedrifter som har tatt initiativ til fiberen, og som i eit brev til Vindafjord kommune ber om økonomisk støtte til tiltaket. Dei har også søkt Vindafjord Arbeidsgiverforum om å bidra med halvparten av kostnaden.

## Ingen politiske endringar

Formannskapet i Vindafjord bad i juni i år om at kommunestyret set ned eit utval som skal vurdere den politiske organiseringa i kommunen. Rådmannen legg fram spørsmålet om ny vurdering av den politiske organiseringa utan tilråding til kommunestyret. Derimot blir det vist til at det forrige kommunestyret på det siste møtet sitt i 2011, vedtok ikkje å gjere endringar utover det som var vedtatt tidlegare i perioden. I dag er det 25 representantar i kommunestyret og 9 i formannskapet, 7 i begge dei politiske utvala, og 5 i kontrollutvalet.

# Framfører eigne tekstar



Engasjerte og skrivelystne ungdommar var samla til kurs i skiving og framføring i Etne. Skodespelar og lærar Taro Vestøl Cooper saman med gruppa på den siste kurskvelden. Frå venstre Anette Aune, Julie Sørheim, Anne Lise Hustoft, Amalie Iversen, Johanne Hundseid, Erlend Kringlebotten, Emily Hopland Ravn, Anne Kringlebotten, Camilla Aune og Viktorija Badaityte.

FOTO: IRENE MÆLAND HARALDSEN

## Skrivelystne ungdommar fekk prøva seg både som forfattarar og skodespelarar då Etne Bibliotek inviterte til poesislam.

IRENE MÆLAND HARALDSEN

Svært oppglødde og ikkje så lite spente set ein gjeng ungdommar rundt bordet i eit av klasseromma på Skakkesenteret. Det to dagar lange skrivekurset går mot slutten. Nå er det tid for framføring. Sjølvskrivne tekstar skal delast med kurskameratar og sommarfuglane har inntatt mageregionen.

— Stor kjærleik for Anette, ropar Taro Vestøl Cooper og klappar fram første deltakar.

Resten av gjengen stemmer i med rop og klapp. Roleg og litt spent entrar 14 år gamle Anette Aune podiet med arket i handa.

Diktet om uhellet med kniven blir tatt vel imot.

— Nå må du stå på scenen til publikum er ferdig med å gje applaus, seier Taro før han kallar fram neste opplesar.

— Pust ut og slapp av. Du vel sjølv korleis teksten skal framførast, men hugs å vera tydeleg, instruerer han og smiler.

### Lærerikt

For Anette og dei ti andre medforfattarane har kurset vore svært lærerikt.

— Eg har lært å bli meir sjølvsikker. Å få applaus gir også sjølvtilit. Her har me lært både å skriva og framføra. På skulen likar eg å skriva stil og kurset har vore til hjelp for skularbeidet, seier ho. Første kursdag fekk alle deltakarane fem ord dei skulle bruka som grunnlag for diktet dei skulle skriva.

— Me trekte fem ord frå ein boks. Eg trekte kniv, sår og tre andre ord, fortel Anette. Ut frå dette blei diktet hennar til.

16 år gamle Viktorija Badaityte finn inspirasjon i dikt, og kurset har lært henne ulike skriveteknikkar.

— Ein kan bli inspirert av alt i dikt. Alt kan gi ei mening. Nokre dikt har tydeleg mening, i andre må ein leita mellom linjene for å finna meininga, seier ho og tykkjer kurset har vore kjempeskjett.

### Samarbeidsprosjekt

Skrive- og framføringskurset er eit prosjekt i regi av fylkeskommunen der kommunar i heile landet kan melda seg på tilbodet. Målet er å få fleire ungdommar til å leike seg med ord og setningar. I løpet av seks timar fordelt på to kveldar får ungdommar mellom 13-19 år høve til å skriva og framføra eigne tekstar.

— Første kvelden hadde dei skrivekurs med lyrikar Henning Bergsvåg frå Bergen. I kveld er det kurs i framføring med skodespelar og norgesmeister i poesislam Taro Vestøl Cooper. Prosjektet inngår i eit samarbeid



Med stor innleving lærer skodespelar Taro Vestøl Cooper 14 år gamle Anette Aune kunsten å framføra eigne dikt.

med ungdommens kulturmønstring der dei som vil, kan melda seg på med sine tekstar, opplyser Ingeborg Sørheim ved Etne Bibliotek. Sørheim har stått for organisering og reklamering etter at Etne kommune melde seg på prosjektet.

### Engasjerte og flinke

Poesislam ekspert Taro Vestøl Cooper er imponert over elevane sin entusiasme og skriveglede. Sjølv brukar han framførings- og skriveteknikkar som spenner frå høge rop til nesten lydlaus kviskring. Heile kroppen er i rørsle når han demonstrerer korleis ein tekst kan framførast. Latteren spreier

seg i rommet når ungdommane skal veksla mellom ulike sinnstemningar.

— Les som de er dødsforelska. Og etterpå skal de vera kjempe-triste, seier Taro og lokkar følelsane fram hjå dei unge.

— Dei er kjempeivrig og flinke. Eg er veldig imponert. Dette er veldig gøy, seier lærar Talo og skryt av elevane sine.

Den tre timar lange poesioktet er over. Med seg i sekken har elevane fått både skriveglede og erfaring. Og kanskje

blir det litt mindre skummelt å entra scenen neste gong det vert framføring på skulen.

« Eg har lært å bli meir sjølvsikker »

## Kniven

Eg møsta kniven, den skar seg inn i låret. Typisk nå som eg var åleine og forlatt. Eg fant nål og trå, lukket såret og ba ein bønn...gro fint.

ANETTE AUNE

## Juletre

Lyset glitrer, varmen glødar  
Store kuler heng på meg  
Vatnet sug eg opp  
og under meg står eg fast  
Barn spring rundt meg,  
med glede  
Noko med papir ligg under  
meg, det er hardt  
Dei kallar det gåver  
Det vert alltid tatt eit tre  
frå min skog.  
I år var eg den heldige  
(Treng ikkje verte tatt med:  
Snop, sjokolade, chips står  
på borda med mine hips: )  
Stemminga er her  
Jula er her  
Gleda er her  
Det er difor eg er her

ERLEND KRINGLEBOTTEN